

## Kultur

### Forslag til ny omtale:

#### Omtale i gjeldande eigarskapsmelding:

Eigarskap i kulturselskap skriv seg frå den sentrale rolla fylkeskommunen spelar innan kulturfeltet. Fylkeskommunen har vore både initiativtakar og pådrivar for å få realisert kulturprosjekt, m.a. Hordaland Teater og Carte Blanche. Særleg ved etableringa av Carte Blanche var det viktig å få etablert institusjonar som driv ulike kulturuttrykksformer også andre stader enn i Oslo. Som bakgrunn for eigarskapen i Hordaland Teater, har Hordaland fylkeskommune, som er ein av dei største nynorskbrukarane i landet, naturleg nok interesse av å fremja nynorsk teaterkunst.

Eigarskap i kulturselskap skriv seg frå den sentrale rolla fylkeskommunen spelar innanfor kulturfeltet. Også i denne sektoren har fylkeskommunen ei rolle som tilskotsytar til eit mangfold av institusjonar og organisasjonar. Det er gjennom rolla som tilskotsforvaltar at fylkeskommunen er tydelegast som aktør på kulturfeltet, men kombinasjonen med rolla som eigar styrkar dette biletet.

Ei sentralt føremål med eigarskap innanfor kultursektoren har vore målsetjingar om desentralisert kulturverksemd, å fremje kulturutrykk med regionale og lokale særtrekk. I tillegg har det vore viktig for fylkeskommunen å stille seg positiv til lokale ønske om regional deltaking på eigarsida i ulike selskap.

Fylkeskommunen har vore både initiativtakar og pådrivar for å få realisert kulturprosjekt, m.a. Hordaland Teater og Carte Blanche. Særleg ved etableringa av Carte Blanche var det viktig å få etablert institusjonar som driv ulike kulturuttrykksformer også andre stader enn i Oslo. Som bakgrunn for eigarskapen i Hordaland Teater har Hordaland fylkeskommune, som er ein av dei største nynorskbrukarane i landet, naturleg nok interesse av å fremja nynorsk teaterkunst.

Hordaland fylkeskommune har i tillegg etablert ei rekke stiftingar på kulturfeltet.

### Hordaland teater L/L

#### Omtale i gjeldande eigarskapsmelding:

Fylkeskommunen var svært delaktig i skipinga av Hordaland Teater. Teateret har framsyningar på nynorsk og dialekt og satsar særleg mot barn og unge. Hordaland fylkeskommune er ein av dei største nynorskbrukarane i landet og har også av den grunn interesse av at nynorsk også vert nytta som teaterspråk. Fylkeskommunen skal medverka til at Hordaland Teater styrker sin posisjon som eit leiande nynorskteater i landet.

### Forslag til ny omtale:

Hordaland fylkeskommune eig 60 % av aksjane i Hordaland Teater. Teateret har framsyningar på nynorsk og dialekt og satsar særleg mot barn og unge.

Hordaland fylkeskommune sitt føremål med eigarskapet er av samfunnsmessig karakter; fylkeskommunen er ein av dei største nynorskbrukarane i landet og har også av den grunn interesse av at nynorsk vert nytta som teaterspråk. Fylkeskommunen skal medverke til at Hordaland Teater styrker sin posisjon som eit leiande nynorskteater i landet.

### Vestnorsk Filmsenter AS

#### Omtale i gjeldande eigarskapsmelding:

Selskapet har som føremål å medverka til auka fagleg og kunstnarleg utvikling av kortfilmproduksjon. Fylkeskommunen har interesse innan kulturfeltet – herunder film. I tillegg til kulturperspektivet kan filmproduksjon også ha noko å sei næringsmessig.

### Forslag til ny

omtale:

Hordaland fylkeskommune eig 50 % av aksjane i Vestnorsk Filmsenter AS. Selskapet har som føremål å auke fagleg og kunstnarisk utvikling av kortfilmproduksjon.

Hordaland fylkeskommune sitt føremål med eigarskapet er av samfunnsmessig karakter; fylkeskommunen ønsker å stimulera til kulturelt og kunstnarleg mangfold, samt å understøtte initiativ og verksemder innanfor kulturbasert næring.

**Moster Amfi og kyrkjehistorisk senter AS**

Omtale i gjeldande eigarskapsmelding:

Selskapet formidlar kyrkjelege og kulturelle verdiar knytt til det historiske Moster. Fylkeskommunen har interesse av selskapet ut frå kulturperspektivet både gjennom å ta vare på dei historiske bygningane og aktiviteten i Moster Amfi. Selskapet spelar og ei rolle i reiselivssamanhang.

Forslag til ny

omtale:

Hordaland fylkeskommune eig 50 % av aksjane i Moster Amfi- og kyrkjehistorisk senter AS. Selskapet formidlar kyrkjelege og kulturelle verdiar knytt til det historiske Moster.

Hordaland fylkeskommune sitt føremål med eigarskapet er av samfunnsmessig karakter; å ta vare på dei historiske bygningane og aktiviteten i Moster Amfi ut frå eit kulturhistorisk perspektiv.

**Den Nasjonale Scene AS**

Omtale i gjeldande eigarskapsmelding:

Fylkeskommunen skal medverka til at Den Nationale Scene styrker sin posisjon som eit leiande teater i landet.

Forslag til ny omtale:

Hordaland fylkeskommune eig 16,7 % av aksjane i Den Nationale Scene AS. DNS er ein av landets tre nasjonale teaterinstitusjonar, og produserar og formidlar scenekunst.

Hordaland fylkeskommune sitt føremål med eigarskapet er av samfunnsmessig karakter; å medverke til at Den Nationale Scene styrker sin posisjon som eit leiande teater i landet.

**Carte Blanche AS**

Omtale i gjeldande eigarskapsmelding:

Fylkeskommunen skal medverka til drift av eit regionalt danseensemble som ei motvekt mot sentralisering av kulturinstitusjonar.

Forslag til ny omtale:

Hordaland fylkeskommune eig 15 % av aksjane i Carte Blanche AS. Selskapet er Noregs nasjonale kompani for samtidsdans, og har som føremål å utvikle og formidle samtidsdans. Selskapet har eit nasjonalt og regionalt ansvar for å gjere kunstforma kjent.

Hordaland fylkeskommune sitt føremål med eigarskapet er av samfunnsmessig karakter; å medverke til drift av eit regionalt lokalisert danseensemble som ei motvekt mot sentralisering av kulturinstitusjonar.

**Biblioteksentralen A/L**

Omtale i gjeldande eigarskapsmelding:

Biblioteksentralen er eit andelslag der 425 kommunar, 14 fylkeskommunar, KS og Norsk Bibliotekforening eig andelar. Føremålet med selskapet er å vera eit serviceorgan for alle typar offentlege bibliotek.

Forslag til ny omtale:

Hordaland fylkeskommune eig 0,8 % av andelane i Biblioteksentralen A/L. Andelslaget er eit serviceorgan for alle typar offentlege bibliotek.

Hordaland fylkeskommune sitt føremål med eigarskapet er av samfunnsmessig karakter; i tråd med fylkeskommunen si rolle på kulturfeltet deltek ein i andelslaget for å støtte utviklinga av bibliotek som ein viktig kulturell formidlingsarena og møteplass.